


## Vegval langs ruta Askøy-Florø

Av Harald Gjøsæter

Dei første 20 nautiske mila ut Hjeltefjorden til Fedje er det ingen grunnleggande vegval å ta, bortsett frå kor i fjorden ein vil leggja seg. Men det i seg sjølv kan vera viktig nok, for både straum og vind kan variera ein del, både med tidevatnet og med vindstyrke og -retning. Når det gjeld straumen, så skal eg skriva meir om den i ein annan artikkel.

Ved Fedje skil gjerne båtane lag; dei som vil til havs kan velja å gå ut på sørsida av Fedje, om ein har det travelt med å koma seg ut, eller dei kan velja den litt kortare vegen aust og nord om Fedje, forbi Holmengrå. Ved passering Fedje ligg elles fleire val opne for seglarane. Ein kan gå ein NV kurs med sikte på å gå vest om Indrevær og Utvær. Dette vegvalet leier ein utanfor alle holmar og skjær, og er for dei som enten vil gå utaskjers heilt til Bulandet er passert, eller i alle fall til Solund er passert. Distansen ein må gå om ein vil gå «vestafor alt» er ca 65 mil frå Fedje, altså 85 mil totalt frå starten ved Ramsøy. Men dette er ikkje kortaste vegen til Florø, så denne vegen vel ein berre om ein har grunnar for å tru at større fart skal vega opp for den lengre vegen. Kor vinden er sterkast og kor han dør ut sist på natta vil variera med vêrsituasjonen, men med straumen er det annleis; han let seg lettare spå, men meir om det i ein annan artikkel.

Om ein ikkje vil vestom Utvær, kan ein velja å gå rett nord, og ta sikte på Straumsfjorden, som er namnet på farvatnet mellom Ytre Sula (vestlegaste øya i Solund) og Indrevær-Utvær. Denne kursen går vestom alle dei små øyane vest for Byrknesøy i Gulen, så når ein har passert Holmengrå går også denne ruta utaskjers heilt til Sognefjorden er passert, og høver dårleg for dei minste båtane om været står hardt frå vestleg kant. I Straumsfjorden går ei djup renne langs land, medan farvatnet rundt og mellom Indrevær og Utvær er rein «paddemark». Dei mange øyane og holmane vest om Straumsfjorden gjev litt ly for sjøen i vestlege vindar, men det låge landet hindrar vinden i liten grad. Straumsfjorden er difor det naturlege valet for dei som ikkje ser noko grunn for å gå heilt til havs, men samtidig vil unngå Ytre Steinsundet gjennom Solund, som ligg mellom Ytre Sula og Rånøya – Steinsundøya innanfor. Ytre Steinsundet er skipsleia innaskjers mellom Bergen og Florø, og er kortaste vegen, om lag 75 mil frå start til mål. Men her er det smalt, og så kjem gjerne Hurtigruta dundrande når det høver som dårlegast... Når ein kjem nord Ytre Steinsundet har ein minst to mulige vegar ut på Lågøyfjorden-Buefjorden. Kortaste vegen er å gå sundet til endes aust om Olderkalven, og så beine vegen på Nordaust over Lågøyfjorden og innom øya Ospa. Her er eit kronglete og smalt sund som kallast «Skomakaren». Det er godt merkt langs denne ruta. Og så er det kortaste vegen... Men vinden har ein lei tendens til å døy ut her. Alternativt kan ein før ein kjem til endes på Ytre Steinsundet ta på norvest mellom Storøya og Olderøya, og vidare ut på Gåsværosen og på vestsida av Ospa ut på Buefjorden.



Men har ein først bestemt seg for Ytre Steinsundet, og det er det svært mange som har gjort i dei åra denne regattaen har gått til Florø, så tek ein gjerne ein NØ kurs ved Fedje, og stikk seg inn i Brosmeosen - Djuposen, og føl skipsleia nordetter på vestsida av Byrknes i Gulen. Her er litt ly for

havet vestafor, og det er relativt reint farvatn å navigera i. Det har til og med hent, mellom anna i 2013, at ein del båtar gjekk Rongeværsløia, gjennom øyriket ytst i Austrheim for å ta beinaste vegen over til Brosmeosen.

Det går også an å gå innom Byrknesøy, til dømes gjennom Mjømnesundet, for å halda seg meir innaskjers mellom Fensfjorden og Sognefjorden. Dette er ein omveg, men stundom er også omvegar beste vegen til målet.

Når ein så har passert Solund, enten vest i havet, gjennom Straumsfjorden, eller gjennom Ytre



Steinsundet, står ein over for nye vegval. Her står ein fritt til å sikta seg innaskjers om ein har vore ute og likte seg dårleg der, eller motsett. Men har ein valt ei vestleg rute langt til havs er det no på tide å byrja sikta seg inn på Rekstafjorden sør for Kinn, ei 315m høg øy med den karakteristiske Kinnakloven. Denne fjorden er rein og djup, og går i NØ retning frå Ryggsteinhavet inn mot Nekkøyosen og Florø.

*Kinn med den karakteristiske "Kinnakloven". Foto: Kartverket.*





Dei manglar ikkje landemerke dei som går lengre inne heller; øya Alden med den karakteristiske fjellet Hesten på 480 m ser ein frå «alle stader» langs denne kyststrekninga. Her sett frå Vilnesfjorden sør for Alden.

Har ein gått Straumfjorden, er det no omtrent like langt å gå vestom eller austom Bulandet og Værlandet. Eller ein kan velja beine vegen gjennom Bulandet, om ein ikkje ragar høgare enn 18m. Dette er nemleg seglingshøgda under brua over Olsundet. Leia er godt merkt, men er det bidevind vert det hyppige slag, for sundet er ikkje så breitt. Sundet litt lenger inne, Melværsundet let seg passera, men her er bruhøgda berre 12 m! Kjem ein derimot opp Ytre Steinsundet, går kortaste vegen gjennom eit sund kalla «Skomakaren». Når dette er passert er det strake leia oppetter mot Alden.

Enten ein kjem vestafrå og går aust om Bulandet og Værlandet, eller ein kjem opp Ytre Steinsundet, kjem ein tett opp til Alden, som let set passera på begge sider. Men kor gunstig det er å gå nær denne øya kan diskuteras. Ho har ei lei evne til både å kasta vindskugge og å laga til fallvindar; eg har sjølv opplevd at vinden her har endra seg frå blikk stille til 17 m/s på mindre tid enn det tek å lesa denne setninga. I dette området har også mange båtar blitt liggjande i blikkstillia i timevis medan andre har passert både austom og vestom...

Området nord for Bulandet, Værlandet og Alden er ei paddemark utan like. Her er talrike øyar, holmar, skvalpeskjer og grunner, og dette er eit vanskeleg farvatn å navigera i, særleg om natta. Det finst djupare osar og renner her og der, som Håsteinosen mellom Værlandet og Håsteinen, Ryggsteinosen mellom Håsteinen og Ryggsteinen, og sør for Moldværet og nord for Smellværet er det ei merkt skipslei med lykta «Tussen» og staken «Blåna» som seglemerke. Nordafor dette kjem ein ut på Stavfjorden, med øya Askrova nordafor. Skipsleia går austafor Askrova, og farvatnet vest for denne øya er svært ureint. Men med litt fin-navigering let det seg gjera å gå gjennom eit av sunda ved Kvannskjeret rett vest for Askrova. Kjem ein om natta, får ein hjelp av lykta på Kvannskjeret, som viser med raude og grøne sektorar kvar ein helst ikkje bør gå. Fleire seglbåtar har gått på grunn i dette farvatnet, men så er det jo kortaste vegen då...




Tek ein sikte på å gå skipsleia vidare nordover, det vil seie aust om Askrova, ei øy på nordsida av Stavfjorden, kan ein vurderer å unngå nærkontakt med Alden ved å gå innom Tvibyрге, ei øy mellom Alden og Atløy. Står været hard frå vest, kan ein så halda fram aust om Smellværet, og gå forbi Stavenes og skipsleia nordover til Askrova. Meir naturleg vegval for dei som har kome opp Aldefjorden frå Ytre Steinsundet er nok å gå ut mellom Alden og Tvibyрге, forbi den karakteristiske «Tussen» ei lykt N av Tvibyрге, og så enten velja ein nordaust kurs langs skipsleia aust om Askrova, eller ein meir nordleg kurs forbi staken «Blåna» og vidare opp mot Kvannskjeret lykt vest for Askrova. Vel ein denne vegen over Stavfjorden skal ein ha minst eit auga i sjøkartet, for her er det mange grunner og inga merkt lei. Men dette er kortaste vegen til Florø, så det er her dei fleste vel å gå. Frå Alden over til Kvannskjeret er det ca 12 nautiske mil.

Dei som har valt ruta vest for eller gjennom Bulandet har også ein kronglete veg gjennom dette farvatnet. Det er eit utal små og større holmar og øyar spreidd utover, og grunt er det over alt. Frå yttarste øyane i Bulandet over til Kvannskjeret er det på lag 16 nautiske mil, og står været frå vest er det eit utriveleg farvatn å segla i, med brot, krapp sjø og få landemerke i nattemørket. Den enklaste ruta går på nordaust langs Bulandet og Værlandet, innom Håsteinen og Moldværet mot «Tussen» og vidare derfrå over til Kvannskjeret. Kjem ein lenger vestfrå, er det reinare farvatn opp mot Kinn og Rekstafjorden, men til gjengjeld er denne ruta lengre.

Siste stykket inn mot Florø går via Rekstafjorden og opp Nekkøyosen. Er det målgang ved «Stabben», ser ein dette karakteristiske fyret rett nord når ein kjem gjennom Nekkøysundet. Skal ein heilt inn til Florø, er det enno knappe tre mil att til mål, i eit farvatn som er kjent for lite vind og mykje straum. Her er tett med stakar og lanterner og relativt greitt å navigera mellom dei mange grunnene i farvatnet. Her er gode plasseringar tapt og dårlege kraftig forbetra i tidlegare seglasar...

Og etter ein time eller tre på puta, er det berre å snu nasen sørover igjen, og møta dei same vegvala som på turen opp, berre i motsett rekkefølge.

I to andre artiklar skal eg gå gjennom dei fire seglasane i Seilmakeren Doublehanded som har gått nordover, og analysera sporingsdata for å sjå kva vegval seglarane faktisk har gjort. Men det er berre ein måte å finna ut kva vegval som vil svara seg i år: Meld deg på og delta! Studer karta nøye og gjer dine val ut frå kva du sjølv trur er det smartaste under dei rådande tilhøva. Brukar du papirkart til å navigera etter, så noter gjerne nokre kursar du kan få bruk for. Og brukar du elektroniske kart, kan det vera smart å leggja ut nokre vegmerke på strategiske stader. Kanskje er det du som finn den rette kombinasjonen denne gongen?



*Stabben lykt. Foto: Eiliv Leren*